



Deler av drevsida på Telegrafbygget vert kledd inn.

**Sørsida av Telegrafbygget i Beinavikjo har fått kledning. Det er gjort for å hindra fukt og lekkasje inn i murbygget, som er bygd tidleg på 1950 talet og er renovert seinast for ti år sidan. Arbeidet er gjort av Sandvoll Entreprenør på oppdrag frå Sameiga Uskedalen Brygge.**



Robin Totland frå Sunde og Elev Elias frå Estland har utført arbeidet i Beinavikjo

Opprustningsarbeidet i Beinavikko er rekna til to veker. Med gamalt bygg i mur er det viktig med eit nøyaktig avrettingsarbeid før lekting. Deler av drevsida vert kledd med liggjande bordkledning. All listing og alle beslag vert fornya. Ein murfot, som stikk 80 cm ut av veggen, vert isolert og lagt beslag på. Dette vert også gjort for å hindra kulde inn mellom etasjane.

Robin Totland ( 19 ) og Elev Elias ( 34 ) har utført eit godt arbeid med kyndig rettleiing frå byggmeister. Robin er lærling i Sandvoll Entreprenør og skal gå opp til fagprøven i september 2017. Elev Elias kjem frå sør Estland, nær grensa til Latvia, og har jobba i byggebransjen i Noreg i fem år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal